



Kristian Totland
Seimstranda 289
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1858 - 16/19114

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
01.07.2016

Tilbakemelding etter gjennomført slamtømming i 2016 - gbnr 174/1 Totland.

Lindås kommune har 07.06.2016 motteke melding frå føretaket Johny Birkeland Transport , som har ansvar for slamtømming i kommunen, om at det er vanskeleg for slamtømmebilen å koma fram til slamavskiljaren på eigedomen din på grunn av skog langs vegen. Føretaket melder til kommunen at det ikkje vil bli gjennomført slamtømming i 2018 dersom det ikkje er rydda skog slik at tømmebilen har fri tilgang.

Slamtømming skal gjennomførast kvart 2. år for heilårsbustadar. Regelmessig tømning av slamavskiljaren er naudsynt for at avlaupsanlegget skal fungera. Det er du som abonnent som har ansvar for at det er nødvendig tilkomst for slamtømming på eigedomen. I § 4 i kommunen si forskrift for slamtømming står det mellom anna følgjande om abonnenten sine plikter :

«Abonnenten skal syte for at anlegga som skal tømmast er lett tilgjengeleg for tømning. Tilkomstvegen skal ha naudsynt fri breidde, fri høgde og bæreevne for tømmebilen, normalt 8 tonn akseltrykk.»

Kommunen reknar med at det er naudsynt tilgang for slamtømmebilen ved neste tømning i 2018.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:



Kopi til:

Johny Birkeland Transport

Mottakarar:

Kristian Totland

Seimstranda 289 5912

SEIM